



SAKSHANDSAMAR  
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.  
09/02271-7

ARK. P - Plansaker  
267,269,272 Lindås kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
18.10.2018

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Sigrun Wølstad

Framlegg til områdeplan for Alversund sentrum, med justeringar gjort etter dialog med Hordaland fylkeskommune, gnr. 137, bnr. 27 m. fl., Lindås kommune, Hordaland

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

**Konflikt med id 148458, 129905, 129906 og 129907: busetjingsspor frå stein-, bronse- og jernalder**

Føreliggande brev erstattar Riksantikvaren sitt brev i same sak, datert 13. juli 2018.

Vi viser til brevet dykkar datert 26. juni 2018, der Riksantikvaren blir bede om å uttale seg om forslag til reguleringsplan for Alversund sentrum i Lindås kommune. Vi viser også til brev av 4. juli 2018 frå Universitetsmuseet i Bergen vedlagt framlegg til budsjett og prosjektplan for gjennomføring av arkeologisk gransking (utgraving og etterarbeid). Ytterlegare viser vi til e-post frå Hordaland fylkeskommune, datert 10. oktober 2018, med endra føresegnar og plankart. Korrigeringane i plankart og føresegnar er gjort i samsvar med konklusjonar etter dialog mellom Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune, etter Lindås kommune sitt ønske om å starte opp bygginga av den planlagde skulen med tilhøyrande naudsynt infrastruktur innan dei arkeologiske utgravingane er gjennomført. Riksantikvaren stilte i sitt brev datert 13. juli 2018, krav om at dei arkeologiske utgravingane måtte gjennomførast innan nokon tiltak i medhald av reguleringsplanen kunne starte opp. Fylkeskommunen meinte at det var fleire forhold i planen som ein måtte sjå på i samband med ein eventuell endring av føresegnene, i tråd med kommunen sitt ønske, mellom anna knytt til sikringa av to SEFRAK-registrerte bygningar, ein løe og ei lemstove, i anleggsfasen.

Innanfor reguleringsområdet er det registrert fire lokalitetar med busetjingsspor, som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd.

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd, skal det ved handsaming av reguleringsplanar takast stilling til om ein kan gje løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir råka av planen. Riksantikvaren er rette styresmakt til å fatte avgjersle i slike saker, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 1 nr. 1.

### **Skildring av kulturminna**

Hordaland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar av planområdet i 2009, 2011 og i 2017. I 2009 vart det påvist fem lokalitetar med førhistoriske busetjingsspor, id 129675,

129905, 129906, 129907 og 129932, i samband med eit tidlegare framlegg til ein reguleringsplan i området. Ein av lokalitetane som vart påvist, id 129675 gav Riksantikvaren i 2009 løyve til inngrep i. I 2011 vart det påvist seks lokalitetar med spor etter førhistorisk aktivitet, id 148449, 148451, 148452, 148453, 148456 og 148458. Alle kulturminna er vurderte til å vere automatisk freda. I 2017 vart det ikkje påvist automatisk freda kulturminne ved fylkeskommunen sine registreringar i planområdet.

Id 129975 som vart dispensert for i 2009 var ein kokegrop som vart datert til førromersk jernalder.

#### Dei kulturminne som det er søkt om dispensasjon for er:

Id 148458: lokaliteten er påvist ved eit svart kolhaldig sjikt, truleg eit dyrkingslag. Lokaliteten har ein utstrekning på om lag 114 m<sup>2</sup>. Kol frå laget er C14-datert til yngre steinalder.

Id 129905: lokaliteten er påvist ved funn av til saman fire kokegroper i to positive prøvesjakter, og eit dyrkingslag i den eine sjakta. Dyrkingslaget er datert til overgangen yngre steinalder – bronsealder. Lokaliteten har ein utstrekning på om lag 827 m<sup>2</sup>.

Id 129906: lokaliteten er påvist ved funn av ein kokegrop i ein prøvesjakt. Lokaliteten har ein utstrekning på om lag 240 m<sup>2</sup>, avgrensinga er gjort i høve dei negative søkesjaktene rundt.

Id 129907: påvist ved funn av grop og kokegrop i ein prøvesjakt. Kokegropa er datert til førromersk jernalder. Lokaliteten har ein utstrekning i Askeladden på om lag 438 m<sup>2</sup>.

#### **Meir om planforslaget**

Føremålet med områdeplanen, på om lag 300 da, er å leggje til rette for ny barneskule med fleirbrukshall, aktivitetsområde og tilhøyrande infrastruktur. I tillegg legg områdeplanen til rette for etablering av to nye bustadfelt, samt fortetting i etablert bustadstruktur.

Planframlegget legg og til rette for tenesteyting på arealet der Alversund skule ligg i dag.

Planen er i konflikt med fire automatisk freda kulturminne, id 148458, 129905, 129906 og 129907.

Tiltakshavar ønskjer å sette i gong anleggsarbeid i nokre delar av planen innan dei automatisk freda kulturminne blir grave ut. Tiltakshavar har i samråd med fylkeskommunen formulert framlegg til reguleringsføresegner som gjer dette mogleg.

#### **Merknader frå Hordaland fylkeskommune**

Hordaland fylkeskommune finn at tiltaka som vert heimla i reguleringsplan for Alversund er viktige samfunnsnyttige tiltak, som overstig verneverdiane til kulturminna som vert råka. Fylkeskommunen rår, etter ein samla vurdering, til at Riksantikvaren gjev løyve til inngrep i dei kulturminne som vert råka av planen, på vilkår av ein arkeologisk granskning. Fylkeskommunen meiner at reguleringsføresegna, slik dei no er formulert, er tilfredsstillande og sikrar kulturminna mot fare for øydelegging i den anleggsfasen som kjem før dei automatisk freda kulturminna vil bli grave ut.

#### **Merknader frå Universitetsmuseet i Bergen**

Universitetsmuseet i Bergen er samd med fylkeskommunen i deira vurdering av dispensasjonsspørsmålet og finn at kulturminna har stor forskingsverdi for regionale analysar

av jordbruksbusetjinga på Vestlandet. Museet rår difor til at det vert gjeve dispensasjon for dei aktuelle kulturminna gjennom planvedtak, på vilkår av ein arkeologisk gransking. Universitetsmuseet har i e-post datert 15. oktober gjev sitt samtykke til dei føreslegne føresegner. Museet vil likevel påpeike betydinga av at kulturminnelokalitetane (#6, #7 og #8) vert sikra med byggeplassgjerde når arbeidet med den mellombelse anleggsvegen vert gjennomført.

### **Riksantikvarens merknader og vurdering av saka**

Riksantikvaren skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar, og arbeide for at kulturminneverdiane best mogleg blir tekne hand om og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan bli gjeve etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vege opp mot private omsyn, og omsyn til samfunnet. I denne saka vurderer vi at plantiltaka har ein så stor verdi for samfunnet at den overgår verdien av eit fortsett vern av dei aktuelle kulturminna. Kulturminna sine verdier er i hovudsak knytt til den kunnskapen ein kan få gjennom ein arkeologisk gransking av dei. Ein dispensasjon kan difor berre bli gjeve på vilkår av ein arkeologisk gransking.

Riksantikvaren gjev samtykke til at reguleringsplanen for Alversund sentrum kan godkjennast under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna før tiltak i tråd med reguleringsplanen vert realisert, jf. vedlagd kart datert 18. oktober 2018. I samsvar med kulturminnelova § 10, skal den arkeologiske granskinga bli dekt av tiltakshavar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, med endelege kostnader og avgrensing av utgravingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksame på at arkeologiske utgravningar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før han ynskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følge framlegget til budsjett frå Universitetsmuseet i Bergen, er ei utgraving av gjeldande kulturminne, id 148458, 129905, 129906 og 129907 rekna å koste inntil kr 1 326 736,- (2018-kroner og satsar). Riksantikvaren vil sjå nærare på framlegget til budsjett og arbeidsomfang før vedtak etter kulturminnelova § 10 blir fatta.

Kulturminna, id 148458, 129905, 129906 og 129907, er merka i plankartet som *område for føresegn* med signaturen RpBg (*grense for føresegn i reguleringsplan*) og gjeve nr. #6, #7, #8 og #9.

Føresegna, slik dei er formulerte no tilfredsstillar våre krav, men det har snike seg inn ein liten feil i § 11.1.4. Denne skal difor bli endra til:

«Føresegnområde vist med #5 i plankartet skal brukast ved utbygging som mellombels anleggsveg. Dei arkeologiske lokalitetane vist som #6, #7 og #8 langs anleggsvegen skal sikrast med byggeplassgjerde. Anleggsvegen skal tilbakeførast til opphavsleg stand eller fjernast i samsvar med regulert formål.»

Den arkeologiske granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket byggjer på at teksten ovanfor vert teken inn i føresegnene til reguleringsplanen. Riksantikvaren ber Hordaland fylkeskommune klargjere dette i si fråsegn til Lindås kommune. Vi ber også om at

Riksantikvaren si fråsegn i saka blir lagt ved den endelege fråsegna frå fylkeskommunen til kommunen.

Dersom kommunen gir melding om at teksten ovanfor *ikkje* vil bli teken inn i føresegnene til reguleringsplanen, og fylkeskommunen likevel ikkje vil fremje motsegn til planen, må de utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)  
seksjonssjef

Jannie Schnedler Johansen

**Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg: Kart datert 18. oktober 2018

Kopi til: Universitetsmuseet i Bergen - Fornminneseksjonen, Postboks 7800, 5020  
BERGEN/ Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ